

Høyringsuttale til konsesjonssøknad for Fortun transformatorstasjon

IL Fanaråk er eit idrettslag for Fortun, Skjolden og Sørsida med brei oppslutning lokalt, og variert aktivitetstilbod.

Som nemnt i konsesjonssøknad punkt 6.4 *Friluftsliv og rekreasjon* har det tidlegare vore ei lysløype tilhøyrande IL Fanaråk i området for planlagd ny transformatorstasjon. Traseen fulgte eksisterende landbruksvei opp til område for ny transformatorstasjon med ei lengre sløyfe mot aust og nord. Det stemmer som det er påpeikt i konsesjonssøknaden at lysløypa ikkje har vore i bruk dei seinaste åra, men det har vore gjort tiltak for få år sidan for å få opprusta og reetablert ei turløype i området. I 2015 blei det brukt midlar på å utbetre eit parti av traseen. Dessverre fekk me den gong ikkje fornya ein naudsynt grunneigaravtale, som satte ein stoppar for prosjektet. Me har imidlertid framleis løyve frå grunneigar for gnr/bnr 8/1 og 8/2 for køyring av skiløype, og det blir jamnleg køyrt løype med idrettslagets trakkemaskin eller scooter på tilstøytande jorde til planlagd ny transformatorstasjon.

Området på Yttri er ein del nytta som turområde, og utgangspunkt for fotturer til fleire stølar, mellom anna Lønningane og Ospesete. Vidare frå Lønningane er det sti til Tussen med panoramautsikt over Fortunsdalen og Jotunheimen.

Som nemnt i konsesjonssøknad punkt 6.2 *Bebyggelse og bomiljø* har tiltaket negativ påverknad på landskapsopplevelingen, og det er påpeika at anlegget vil opplevast dominerande i lokalmiljøet. Dette vil og få konsekvensar og forringje bruken av området for idrettslaget sine føremål.

Dette syner at idrettslaget spesielt og idrett-og friluftslivsaktivitetar generelt vert negativt berørt av utbyggingsplanane. På bakgrunn av dette ynskjer IL Fanaråk å vere i dialog med Statnett / Linja om eit aktuelt avbøtande tiltak knytt til tilrettelegging for friluftslivs-aktivitetar som vil gagne våre medlemmar.

Det foreligg konkrete planar om etablering av ein turløpe sørover frå Yttri via Djupedalen til Breimyri, sjå vedlagt prosjektskildring. Det er god dialog med berørte grunneigarar om rett til etablering av turløype på deira grunn. IL Fanaråk ynskjer at utbyggjar som avbøtande tiltak for negative konsekvensar for bebyggelse, bomiljø, friluftsliv og rekreasjon dekker IL Fanaråk sine kostnader knytt til etablering av denne turløypa. Idrettslaget vil söke om spelemidlar for etablering av turløypa, og søkeradsberettiga spelemidler for tiltaket vil bli tilbakebetalt utbyggjar når desse vert tildelt idrettslaget. Drift av anlegget vil i sin heilheit vere IL Fanaråk sitt ansvar.

Dette høyringsinnspelet er koordinert med Fortun Bygdalag, som ser dette som eit aktuelt avbøtande tiltak for konsekvensene tiltaket har for lokalsamfunnet både i anleggsfase og på permanent basis. Det visast til høyringsinnspele frå Fortun Bygdalag.

Ole Martin Brennsæter

Elin Hauge

Leiar i skigruppa, IL Fanaråk

Leiar, IL Fanaråk